

Overgang frå barnehage til barnehage



Samarbeid og samanheng



Forord

Planen er utarbeidd gjennom prosjektet Hallo! Adjø!, kor målsettinga er å utvikle ein heilskapleg overgang frå barnehage til skule og SFO, som kjem alle barn til gode. På bakgrunn av dette har ein utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til barnehage. Planen er gjeldande for både enkeltbarn som bytar barnehage og større grupper med barn som bytar barnehage t.d. ved nedlegging.

1

Det er styrar sitt ansvar å sikre gjennomføring av aktivitetane på ein god måte. Aktivitetane som er omtala i planen er forpliktande for alle kommunale barnehagar, medan private barnehagar blir sterkt oppmoda til å fylgja planen. Det er rom for lokale variasjonar, men det som er omtala i planen skal vere ein minste standard.

Hensikt med planen

Planen har som mål å skape samarbeid, samanheng og kontinuitet for barna i overgangen frå barnehage til barnehage.



Rammeplan barnehage

- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til perosnalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det trygt å leike, utforske og lære.

Overgangsaktivitetane skal vere med å skape ein god overgangskultur ved å sikre møtepunkt, dialog og informasjonsflyt, slik at både føresette og barn kjenner seg medverkande og trygge, samstundes som overgangen vil opplevast som heilskapleg og god. Det skal vere fokus på at barnet får oppleve sosial, fysisk og innhaldsmessig kontinuitet mellom institusjonane. Ein god kontinuitet og gode møtepunkt er med på å bidra til at oppstarten i ny barnehage kan tilpassast det enkelte barnet allereie frå fyrste dag.



Overordna mål: Skapa ein heilskapleg og trygg overgang frå barnehage til barnehage.

Dette betyr i praksis at

- Barnet opplever **samanheng** mellom barnehagane.
- Barnet får ta med seg **interessene** sine og ha nytte av den **dugleiken** dei tileigna seg i avsenderbarnehagen.
- Barnet kjenner seg **trygge** i overgangen og opplever den nye barnehagen som ein god stad å vere.
- Barnet opplever å verte ein del av eit **inkluderande fellesskap**.
- Barnet opplever å bli **møtt** ut frå egne føresetnadar og behov slik at det kan lære og utvikle seg i takt med seg sjølv.
- Barnet opplever færre stressbelastningar, og opplever **meistring**.
- Barn og foreldre opplever **flyt på informasjon** i overgangen.
- Kvar enkelt barn opplever **tilhøyrsl**e i barnegruppa og i barnehagen
- Barn og foreldra har ei sentral rolle i overgangen, med **medverknad** gjennom deltaking på aktivitetar/møter.





Aktivitetsplan

1. Fagmøte i forkant av samarbeidsmøte for barn med behov for individuell tilrettelegging

Mål: Sikre at det blir lagt til rette for at barnet opplever tryggleik, meistring, utvikling og blir ein del av eit inkluderande fellesskap i mottakarbarnehagen.

- ✓ Møtet skal brukast til å avklare praktiske rammer kring samarbeid, ressursar og eventuelle overgangsaktivitetar utover det ordinære.
- ✓ Det blir viktig å leggje ein plan for kompetanseoverføring frå barnehagen til barnehage, knytt til barnet sine spesifikke behov.
- ✓ Hugs samtykke i forhold til alle instansar som deltek.
- ✓ Styrar er ansvarleg for møtet.

Barnehagelova §2 b.
Barnehagen og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre tenesteytere dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet et helhetlig og samordnet tenestetilbud.

2. Samarbeidsmøte for barn i barnehage med behov for individuelt tilrettelegging og/eller for barn som er i barnevernstenesta ved behov

Mål: Sikra at det blir lagt til rette for at barnet opplever tryggleik, meistring, utvikling og blir ein del av eit inkluderande fellesskap i mottakarbarnehagen.

- ✓ Møtet skal vere relasjonsbyggande og ha fokus på planlegging av barnehagetilbod.
- ✓ Foreldra sine tankar og barnet sitt uttrykk for kva som er viktig i overgangen skal særleg vektleggast.
- ✓ Det må leggast ein plan for korleis barnet skal bli kjend med barnehagen sitt fysiske rom, tilsette og andre barn i barnehagen. Kva treng barnet utover dei overgangsaktivitetane som allereie blir gjennomført.
- ✓ Vidare møter etter avtale og behov.
- ✓ Hugs innkalling med sakliste, samt referat til alle deltakarane. Styrar evt barnevernstenesta er ansvarleg for møtet.

Rammeplan barnehage
Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.

3. Ved nedlegging av barnehage:

Foreldremøte med tema nedlegging av barnehage og oppstart i ny barnehage

Mål: Gje informasjon som skal trygge foreldre, samt gjere foreldre kjend med prosessar i overgangen til ein ny barnehage.

- ✓ Innhald på møte:
 - Gi naudsynt og praktisk informasjon om nedlegginga og siste tida i barnehagen
 - Fokus på at den siste tida i barnehagen skal vera ei fin tid, samt minne foreldre på å halda bekymringar borte frå barna.
 - God informasjon om søknadsprosess til ny barnehage.
 - Oppfordre foreldre til å ha god dialog med den nye barnehagen
 - Kort om overgangar og korleis foreldra kan førebu og støtte barnet sitt i samband med overgang til ein ny barnehage ut frå eit tilknytingsperspektiv.
 - Aktivitetar for barn og føresette i samband med overgangen.

Utdanningsdirektoratet
Det vil vera av betydning at foreldre møter barnehagen (...) med ei positiv innstilling og er godt informert om overgangen.



- ✓ Det kan vere ein fordel om denne informasjonen blir samanfatta i eit skriv og gjeve til foreldra på møtet.
- ✓ Om nokre foreldre ikkje møter, må ein prøve å få overlevert informasjon via andre kanalar, snarast mogeleg etter møtet.

4. Dialog mellom avsenderbarnehage og mottakarbarnehage

Mål: Mottakarbarnehage får relevant informasjon slik at dei kan å skape ein innholdsmessig kontinuitet i overgangen, samt møte barn og foreldra på ein god måte.

- ✓ Avsenderbarnehage avtalar eit tidspunkt for dialog med mottakarbarnehagen.
- ✓ Avsenderbarnehagen informerer om prosessen ved nedlegging, kva informasjon som er gitt foreldre, kva barnehagen har hatt særskilt fokus på siste tida etc.
- ✓ Dialogen kan arrangerast i samband med eit styrarmøte om det gjeld barnehagar i Sveio.

Stortingsmelding 6

Godt tverrfaglig samarbeid er en viktig forutsetning for å skape et miljø der alle inkluderes og opplever fellesskap og mestring (...).

5. Besøksdagar

Mål: Skape ei felles oppleving for barn og foreldre i møte med den nye barnehagen, som gir positive forventningar og bidrar til tryggleik i overgangen. Barnehagen blir kjend med barnet/barna og kan legge best mogeleg til rette for ein tilpassa oppstart for det enkelte barn, allereie frå fyrste dag.

- ✓ Mottakarbarnehagen gjennomfører tre besøksdagar for barn og foreldre.
- ✓ Mottakarbarnehagen skal ta kontakt med foreldre og gi informasjon om innhald i besøksdagane til avsenderbarnehagen og foreldre, slik at dei kan førebu barna på kva som skal skje og skape positive forventningar til besøksdagane.
- ✓ Det er styrar i mottakarbarnehagen som er ansvarleg for å invitere til besøksdagar.
- ✓ Det er ein fordel om mottakarbarnehagen er i kontakt med avsenderbarnehagen når dei skal planlegga besøksdagar, slik at dei kan laga eit tilpassa innhald og sikre ein innholdsmessig kontinuitet. Samstundes er det viktig at innhaldet blir tilpassa den enkelte eining.
- ✓ I løp av besøka skal barna:

Rammeplan barnehage

Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

Rammeplan barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.

- Bli kjend med lokala til barnehagen, som garderobe, toalett/stellerom, avdeling og uteområdet.
- Møta dei vaksne barnet skal vere mest saman med på avdelinga.
- Leikestund saman med andre barn i barnehagen i ei mindre gruppe.
- Bli introdusert for t.d. samling/songar/leiker som barnehagen ofte nyttar.



6. Samtale med barnegruppa om byte av barnehage

Mål: Imøtekomma tankar, kjensler og forventningar barnet har kring det å byta barnehage.

- ✓ Pedagogisk leiar har felles undringssamtalar i barnegruppa, kring det å byta barnehage både med tanke på barnet/barna som skal slutta, men og med tanke på barna som ikkje skal byta barnehage.
- ✓ Mange barn klarar lettare å halda fokus i ein slik samtale om dei kan støtte seg på bilete, bøker eller i etterkant av ein overgangsaktivitet.

Barnehagelova § 3.

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn (...) i saker som gjelder dem selv. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

5

7. Barnesamtale og utfylling av overgangsskjema

Mål: Imøtekomme tankar, kjensler og forventningar barnet har kring det å byrja i ein ny barnehage

- ✓ Barnet skal fylgje ut eit [overgangsskjema](#) saman med pedagogisk leiar som skal leverast til mottakarbarnehagen.
- ✓ Om barnet ikkje ynskjer å fylle ut skjema, skal dette ikkje gjennomførast.
- ✓ Hugs samtykke frå foreldre for å levere skjema til mottakarbarnehage.

Rammeplan barnehage

Barnehagen skal vera bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.

8. Overføringsmøte for barn som har hatt individuell tilrettelegging i barnehagen inneverande år, eller barn som kan trenge tilpassa tilrettelegging i overgangen og/eller i ny barnehage

Mål: Møtet skal vere relasjonsbyggande og ha fokus på korleis ein best mogleg kan leggja til rette slik at barnet opplever meistring, utvikling og blir ei del av eit inkluderande fellesskap.

- ✓ I nokre tilfelle kan det vere behov for eit tettare samarbeid mellom barnehagane og eventuelle andre i laget rundt barnet, for å sikre ein god og trygg overgang. Då kan styrar kalla inn til overføringsmøte med foreldre, mottakarbarnehage og andre aktuelle instansar.
- ✓ Foreldra sine tankar og barnet sitt uttrykk for kva som er viktig i overgangen skal særleg vektleggast.
- ✓ Det er ein fordel om tilknytingsperson i mottakarbarnehagen kan vera med på møtet. Andre deltakarar som PPT, pedagogisk leiar frå avsenderbarnehage, spesialpedagog eller andre kan delta ved behov.
- ✓ Hugs innkalling med saksliste og referat.
- ✓ Det er styrar frå avsenderbarnehage som er ansvarleg for møtet.

Stortingsmelding 6

Godt tverrfaglig samarbeid er en viktig forutsetning for å skape et miljø der alle inkluderes og opplever fellesskap og meistring, og det vil kunne forebygge at problemer utvikler seg, eller at de blir større enn nødvendig.



9. Oppstart i mottakarbarnehagen

Mål: Foreldre og barn opplever ein god og trygg oppstart i mottakarbarnehagen.

- ✓ Barna føl rutine som den enkelte barnehage brukar ved oppstart for nye barn. Antal dagar saman med foreldre i barnehagen må vurderast ut frå kvart enkelt barn sine behov.
- ✓ Skal det vere foreldremøte før barnet byrjar i barnehagen, skal foreldra bli invitert.

Rammeplan barnehage
Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike utforske og lære.

6

10. Oppstartssamtale

Mål: Møta skal vere relasjonsskapande og leggja grunnlag for eit godt foreldresamarbeid

- ✓ Nytt skjema for oppstartssamtale.

Rammeplan barnehage
Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.



Litteraturliste

Barnehagelova. *Lov om barnehager*. (LOV-2005-06-17-64). [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#).

Drugli, M. B. og Nordahl, T. (2016). *Forskningsartikkel. Samarbeid mellom hjem-skole*. Utdanningsdirektoratet. [Betydningen av skole-hjem samarbeid \(udir.no\)](#)

Meld. St. 6. (2019-2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderte fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Regjeringen. Kunnskapsdepartementet. [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)